



LINDÅS KOMMUNE

TEKNISK SJEF
5100 ISDALSTØ

TELEFON (05) 35 05 55
TELEFAX (05) 35 28 00

ARKIV

JAKOB OG ANNA K. VALLE
SPJOTØY

5150 LINDÅS

Dykkar ref.

Vår ref.

Dato: 14.10.92

LJH/92/2221/083/001/01

**SAK 221/92 JAKOB OG ANNA K. VALLE - GNR 083 BNR 001 - SPJOTØY
SØKNAD OM ENDRA PLASSERING AV 3 STK NAUST I REG. HYTTEF**

Saka er handsama av bygningssjefen etter fullmakt frå bygningsrådet.

Dokument.

Skriv datert 12.09.92 frå Jakob og Anna K. Valle
Uttale frå kultursjefen i skriv datert 12.10.92

Saksutgreiing.

I samband med at omsøkte hytteplan vart lagt ut til offentleg ettersyn føreslo grunneigaren at eit mindre nausteområde like aust for regulert nausteområde vart trekt ut av planen og omgjort til badevik i den godkjente planen. Diverre vart det ikkje regulert inn nye nausteplassar i hytteplanen for hyttene som mista sine plassar.

For at også tomtane 1, 2 og 3 skal ha nausteplass har no eigarane av hovedbruket søkt om å få regulera inn 3 nausteplasser sør for bryggja mellom tomt 3 og 11.

Kultursjefen har i si uttale tilrådd søknaden, men har peika på at nausta bør liggja samla mellom hyttetomt nr. 1 og 2.

Vedtak.

I samsvar med Plan- og bygningslova § 28-1 pkt. 2 godkjenner bygningssjefen innregulering av 3 stk naustetomtar som ei mindre vesentleg endring i reguleringsplan for Spjotøy på fylgjande vilkår.

1. Dei 3 naustetomtane skal plasserast plasserast mellom hyttetomtane 1 og 2.
2. Søkjar skal retta opp reguleringsplanen i samsvar med vedtaket.

for bygningssjefen


Lars Johan Haukås
forvaltningssjef